



FASTEGUDSTENESTE

1. Fastegudsteneste kan haldast etter ordningane
 - a. Nattverdgdudsteneste utanom høgmessa
 - b. Preikegdudsteneste
 - c. Aftansong
 - d. Sktiftemålsgdudsteneste, eventuelt slik at ho kjem i staden for ledda 1-6 i ordninga Nattverdgdudsteneste utanom høgmessa.
2. Fastegudsteneste kan haldast på kvardagar, helst onsdag eller fredag, i tida frå oskeonsdag til onsdag i den stille veka.

I alle høve bør det haldast gudsteneste på oskeonsdag.
3. I fastegudstenesta nyttar ein litaniet og fastekollekten som Forbøn, sjå side 177ff.
4. På oskeonsdag kan ein nytta ein eller fleire av dei fastsette tekstane. I dei andre fastegudstenestene les ein eit avsnitt av lidingssoga frå eit av evangelia, eller ein annan tekst med pasjonskarakter, som t.d.: 1 Mos 22,1-13(-18]; Sal 22,8-19; Jes 53,10-12; Rom 3,21-26; 1 Kor 1,17-25; Hebr 2,14-18; 4,14-16; 7,26-28; 9,24-28; 10,11-18; 10,19-25; 1 Pet 1,16-20; 4,12-16, eller ein av tekstane for den førre sundagen.